



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår:

Saksbehandlar:
Per Inge Olsen
per.inge.olsen@meland.kommune.no

03.08.2018

Ordinært skjønstilskot 2019 - innspel frå Meland kommune

Vi viser til dykkar skriv av 15. juni 2018 med invitasjon til å sende inn opplysningar vedr. fordeling av ordinært skjønstilskot for 2019. Med dette skrivet vil Meland kommune gje innspel som vi meiner bør vurderast i samband med tildeling av skjønsmidlar. Kommunen ynskjer å følgje opp dette skrivet med eit møte der vi får moglegheit til å presentere og diskutere innhaldet i dei moment som vi legg fram i dette brevet. Vi vil difor ta kontakt i næraste framtid for å prøve å få avtalt eit slikt møte.

Meland kommune har i perioden 2013 – 2016 hatt tilfredstillande overskot på driftsrekneskapen, og opparbeidde eit disposisjonsfond på noko over 5% av driftsinntektene. I 2017 brukte kommunen av fondet for å finansiere drifta, og det same er det lagt opp til i revidert budsjett for 2018. Dette skuldast auka tenestebehov samstundes som kommunen sin vekst i inntekter er monaleg redusert. Omlegginga av inntektssystemet i 2017 råka kommunen hardt, og låg vekst i folketalet gjer at veksttilskotet er kraftig redusert i 2017 og 2018 samanlikna med tidlegare år.

Meland kommune har fram til og med 2016 vore mellom kommunane i Norge med høgast folkevekst. Veksten må møtast med løpande utvikling av tenestetilbodet. Sjølv om veksten er redusert i 2017 og så langt i 2018, har kommunen fortsatt utfordringar knytt til den høge veksten kommunen har hatt fram til og med 2016.

Følgjande moment meiner vi bør vektleggjast i samband med tildeling av skjønsmidlar til Meland kommune.

1. Vekstutfordringar samstundes som veksttilskotet er redusert
2. Høg folkevekst i dei eldste årsklassane gjev auka tenestebehov innan pleie og omsorgssektoren.
3. Forventa kutt i 2019 for å få drifta i balanse
4. Språkdeling i skulane gjev utfordringar som ikkje vert dekt opp ved berekning av utgiftsbehovet.
5. Utfordringar innan førebyggjande helsevern og innan rus og rusomsorga
6. Utfordringar knytt til skulemiljøet

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

1. Vekstutfordringer samstundes som veksttilskotet er redusert

nr	Kommune - tal per 31.12. i året	2011	2016	Sum endr. 11-16	Endr. % 15-16	Endr. % 11-16	Gj.snitt per år
1	1657 Skaun	6 941	8 000	1 059	3,2 %	15,3 %	3,1 %
2	1256 Meland	7 036	8 021	985	2,7 %	14,0 %	2,8 %
3	1243 Os (Hord.)	17 726	20 152	2 426	2,1 %	13,7 %	2,7 %
4	0211 Vestby	15 143	17 188	2 045	2,7 %	13,5 %	2,7 %
5	0137 Våler (Østf.)	4 705	5 335	630	2,9 %	13,4 %	2,7 %
6	0138 Hobøl	4 911	5 557	646	3,3 %	13,2 %	2,6 %
7	0235 Ullensaker	31 044	35 102	4 058	2,7 %	13,1 %	2,6 %
8	1620 Frøya	4 369	4 937	568	2,9 %	13,0 %	2,6 %
9	0237 Eidsvoll	21 621	24 415	2 794	2,5 %	12,9 %	2,6 %
10	2023 Gamvik	1 008	1 137	129	-0,2 %	12,8 %	2,6 %

Folkeveksten i Meland kommune har over tid vore svært høg. Kommunen var i perioden 2011-2016 (gjennomsnittet i 5-års perioden) nr 2 av alle norske kommunar med ein gjennomsnittleg årleg vekst på 2,8%.

I 2017 stoppa veksten opp, og var på berre 0,7% (tilsvarende landsgjennomsnittet i Norge), mellom anna som eit resultat av lågare bustadbygging i Meland kommune og etterverknadene av offshorekrisa i 2015. Kommunen har likevel fortsatt utfordringar knytt til det å utvikle og tilpasse eit godt tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar etter høg vekst tidlegare år.

2. Høg folkevekst i dei eldste årsklassane gjev auka tenestebehov innan pleie og omsorgssektoren

Folketalsutvikling Meland kommune 2012 - 2017
fordelt på aldersgrupper:

pr 1. juli i året:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
0-5 år	693	743	757	751	760	750
6-15 år	1 065	1 076	1 120	1 156	1 159	1 187
16-22 år	693	733	725	717	732	705
23-66 år	4 086	4 197	4 278	4 349	4 415	4 466
67-89 år	637	684	739	767	828	883
90 år +	46	44	48	49	50	47
Sum	7 220	7 477	7 667	7 789	7 944	8 038

pr 1. juli i året:	Endring frå året før:						Endr. i % frå året før:					
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2012	2013	2014	2015	2016	2017
0-5 år	46	50	14	-6	9	-10	7,1 %	7,2 %	1,9 %	-0,8 %	1,2 %	-1,3 %
6-15 år	13	11	44	36	3	28	1,2 %	1,0 %	4,1 %	3,2 %	0,3 %	2,4 %
16-22 år	24	40	-8	-8	15	-27	3,6 %	5,8 %	-1,1 %	-1,1 %	2,1 %	-3,7 %
23-66 år	178	111	81	71	66	51	4,6 %	2,7 %	1,9 %	1,7 %	1,5 %	1,2 %
67-89 år	29	47	55	28	61	55	4,8 %	7,4 %	8,0 %	3,8 %	8,0 %	6,6 %
90 år +	3	-2	4	1	1	-3	7,0 %	-4,3 %	9,1 %	2,1 %	2,0 %	-6,0 %
	293	257	190	122	155	94	4,2 %	3,6 %	2,5 %	1,6 %	2,0 %	1,2 %

(tal per 1. juli i året)

Tabellen syner vekst dei siste åra i aldersgruppa over 67 år på opp mot 8% per år. Dette har gjeve utfordringar med auka tenestebehov innan pleie- og omsorgssektoren som ligg langt over det som kommunen har fått tilført av inntekter gjennom inntektssystemet for å dekke opp for veksten. Mellom anna måtte kommunen i 2017 auke kapasiteten ved sjukeheimen med 4 nye pasientrom. Årleg kostnadsauke på om lag kr 4 mill.

3. Forventa kutt i 2019 for å få drifta i balanse

Kommunestyret handsama i juni-møtet økonomiplan for perioden 2019-2022. I denne er det lagt opp til kutt i tenestene med kr 11 mill. i 2019. Sjølv med eit slikt kutt klarer vi berre å sørge for at drifta går i balanse, utan oveskot som kan avsetjast til fond, slik fylkesmannen tilrår med 1,75%. Ein har så langt ikkje teke stilling til kva tenester som må ta desse kutta. Dette må innarbeidast i løpet av budsjettprosessen i haust.

Eit stramt driftsbudsjett i resten av økonomiplanperioden 2020 – 2022 gjer at kommunen planlegg med å oppnå eit netto driftsresultat på 1,75% i løpet av økonomiplanperioden.

4. Ekstra kostnader som følgje av språkdeling ved skulane i Meland

Det som i hovudsak er kostnadsdrivaren innan skulesektoren er talet på klassar. I skuleåret 2018/2019 reknar vi med å ha 9 ekstra klassar som følgje av språkdeling og at det vert 7 klassar ekstra i skuleåret 2019/2020, men dette er noko meir usikkert. Med føresetnad om kostnad på kr 1,0 mill. per klasse per skuleår vert det totalt ein ekstra kostnad på 8,2 mill. (kr 9 mill. *7/12 + kr 7 mill. * 5/12) for budsjettåret 2019.

Denne ekstrakostnaden for kommunen vert ikkje reflektert i kriteriegrunlaget i inntektssystemet, og vi bed fylkesmannen ta dette med i vurderinga av nivået på kommunen sitt skjønstilskot for 2019.

5. Utfordringar innan førebyggjande helsevern og innan rus og rusomsorga

Kommunen opplever sterk vekst i dei yngste årsklassane, og det er naudsynt med bemanningsauke i tenestene som er retta mot dei yngste, særleg knytt til førebyggjande helsearbeid. Vi ligg på etterskot når det gjeld å auke tenestenivået i takt med folketalsutviklinga, og å oppretthalde tenestenivået i trå med nasjonale føringar.

Meland kommune opplever ei auke i rusrelaterte problem. Det kan synast som om personar med rusproblem som tidlegare trakk inn mot Bergen sentrum i dag vel å opphalde seg lokalt i kommunen, og dette krev auka merksemd frå rusomsorga i kommunen. I tillegg fører folkevekst og tilflytting til at vi og får ei generell auke i rusproblem, og med svak økonomi har Meland kommune vanskar med å prioritere ressursar til å møte denne type utfordringar.

6. Utfordringar knytt til skulemiljøet

Kommunen har etter fleire mobbesaker som bl.a. kom fram i media i løpet av 2017 satt fokus på skulemiljøet, og skulane har hausten 2017 og no i 2018 brukt mykje tid å ressursar på å lage gode handlingsplanar for å forbetre skulemiljøet. Kommunestyret har sett av kr 2 mill. i 2018 og 2019 til dette arbeidet, og det er mellom anna tilsett prosjektmedarbeidar som skal arbeide med dette. Tiltaket er vedteke finansiert med bruk av disposisjonsfond.

7. Oppsummering

Vi har i dette skrivet kommentert ein del område der kommunen har utfordringar knytt til å prioritere tilstrekkeleg midlar, samt område der vi meiner Meland kommune har særskilte utfordringar samanlikna med andre kommunar. Generelt meiner vi at vi driv nøkternt og ligg lågt på kostnader i forhold til tenestnivå og tenestekvalitet. Vi meiner og at vi har god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.

Vi håper på positiv vurdering av de behov som er lista opp og kommentert, og forståing for det utfordringsbilete vi har presentert.

Med helsing

Per Inge Olsen
økonomisjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN